



Kartverket

KVINNHERAD KOMMUNE  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Dato:
	Sak/dok.: 06/01383-184	23.06.2023
	Ark.: 326.12	

## Oppstart av namnesak 184 og 193 – Hatlestrand(a) og Klokkesteinen/Klokkestenein – Kvinnherad kommune

I samband med at Den norske kyrkja vurderer å slå saman sokna Hatlestrand og Ølve i Kvinnherad, har Språkrådet teke opp namnesak for bygdenamnet *Hatlestranda/Hatlestrand*, som i dag har *Hatlestranda* som einaste godkjende skrivemåte, jf. brev til kommunen dagsett 13.03.2023. Nyleg har kommunen òg reist namnesak for stadnamnet *Klokkesteinen/Klokkestenein*, som skal brukast som førelekk i eit nytt avleitt adressenamn *Klokkesteinsvegen/Klokkesteneinsvegen*, jf. brev frå kommunen dagsett 13.06.2023. Saka vert teken opp for å få avklart rett skrivemåte for offentleg bruk.

Statens kartverk sender med dette saka på lokal høyring i kommunen, jf. § 8 i lov om stadnamn.

Saka gjeld fylgjande namn med variantar av skrivemåtar:

- *Hatlestranda/Hatlestrand* (bygdelag) – kommunen er vedtaksorgan
- *Hatlestrand barne- og ungdomsskule* (skule) – kommunen er vedtaksorgan
- *Hatlestrand barnehage* (barnehage) – kommunen er vedtaksorgan
- *Hatlestrand* (røystekrins) – kommunen er vedtaksorgan
- *Hatlestrandsvegen* (adressenamn) – kommunen er vedtaksorgan
- *Hatlestrand* (poststad) – Kartverket er vedtaksorgan
- *Hatlestrand og Ølve sokn / Ølve og Hatlestrand sokn* (sokn) – bispedømerådet i Den norske kyrkja er vedtaksorgan
- *Hatlestrand kyrkje* (kyrkje) – bispedømerådet i Den norske kyrkja er vedtaksorgan
- *Klokkesteinen/Klokkestenein* (stein) – Kartverket er vedtaksorgan
- *Klokkesteinsvegen/Klokkesteneinsvegen* (adressenamn) – kommunen er vedtaksorgan

For fleire opplysningar om namna, sjå innsynsløysinga vår for SSR: [www.norgeskart.no/ssr/](http://www.norgeskart.no/ssr/).

### Lokal høyring

Kartverket har vedtaksrett for skrivemåten av m.a. naturnamn, nedervde gards- og bruksnamn, seternamn og statlege anlegg, medan kommunen har vedtaksrett for m.a. bygdenamn, adressenamn og namn på røystekrinsar og kommunale anlegg. Bispedømerådet er vedtaksmynde for namn på sokn og kyrkjer. Før det vert gjort vedtak, har kommunen rett til å uttala seg. Eigarar og festarar har rett til å uttala seg om gardsnamn og bruksnamn, og lokale organisasjonar har rett til å uttala seg om skrivemåten av namn som dei har særleg tilknyting til.

[www.kartverket.no](http://www.kartverket.no)

Etter lova skal skrivemåten fastsetjast med utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen av namnet. Difor bed me om at alle som uttalar seg, opplyser kva som er den lokale dialektuttalen. Dersom namnet vert uttalt på ulike måtar, bed me om å få opplyst dei forskjellige uttaleformene.

#### **Normeringsprinsipp**

I tillegg til å ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen, skal ein som hovudregel fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp ved normering av stadnamn, jf. § 4 første ledd i lov om stadnamn. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meiningsinnhaldet i namnet. I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte føresegner om korleis stadnamn skal normerast.

#### **Vidare saksgang**

Kommunane har ansvaret for å kunngjera at namnesaka er reist, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine. Kvar av partane (inkl. kommunane) har to månader på seg til å gje høyringssvar frå dei tek imot dette brevet. Kommunane har òg ansvaret for å henta inn og samordna dei lokale høyringssvara. Dei skal sendast til *Språkrådet, Postboks 1573 Vika, 0118 Oslo (post@sprakradet.no)*, med kopi til Kartverket.

Språkrådet vil so gje endeleg tilråding til høvesvis kommunen, Kartverket og bispedømerådet. Kommunen gjer deretter vedtak for bygdenamnet *Hatlestrand(a)* og dei avleidde *Hatlestrands*-namna som dei har vedtaksmynde for, før Kartverket og bispedømerådet gjer vedtak for dei andre avleidde namna. Når det gjeld *Klokkesteinen/Klokkaresteinen*, må Kartverket gjera vedtak om namnet på steinen før kommunen gjer vedtak for det avleidde adressenamnet.

For opplysningar om saksgang, kontakt Kartverket på telefon 32 11 80 00. For namnafaglege spørsmål, kontakt Språkrådet på telefon 22 54 19 50.

Venleg helsing

Erlend Trones  
namneansvarleg

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi                    SPRÅKRÅDET  
                          Bjørgvin bispedøme

Lenkar:                [Lov om stadnamn](#)  
                          [Forskrift om stadnamn](#)  
                          [Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)